



Referat

Underutval for rehabilitering

Dato og tidspunkt:	05.05.2021 kl. 13.00-14.00
Møtestad:	Digitalt møte
Møteleiar:	Britt Madli Manger
Til stade:	Aina Samnøy- Ulvik, John Haavardsholm- Voss, Susanne Villanger Rolland- Vaksdal, Britt Madli Manger- Voss sjukehus, Helge Kvåle- SAFO, Hilde Ystanes- Kvam
Fråfall utan vara:	Kari Helland Bu-Eidfjord, Kjellfrid Skutlaberg- FFO, Sigrid Denver-Voss DPS
Referent:	Hilde Ystanes

Nr.	Saksliste	Sakstype (Vedtak Drøfting Orientering)	Vedlegg	Ansvar
10/21	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan kommentar	V		
11/21	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 03.03.21 Godkjent utan kommentar	V	1	
03/21	Lokalsjukehuskonferansen, vidare plan Det er ynskjeleg å gjennomføre konferanse i slutten av november. Britt Madli går i dialog med førelesarar om tidspunkt. Leiinga på Voss sjukehus ynskjer ikkje webinar- meiner at det er nettverksfunksjonen som er viktigast og at det er enten/eller. Det vert stilt spørsmål frå kommunane om det verkeleg er betre å avlyse enn å arrangere eit webinar med fagleg påfyll. Leiinga på Voss sjukehus spør og om ein bør ha eit breiare tema enn rehabilitering på konferansen. Bør det vera ein meir generell lokalsjukehuskonferanse- med fokus på tema som gjeld alle underutvala? Sjukehuset ynskjer å ta opp dette i Samarbeidsrådet. Underutvalet meiner at det er viktig å behalde rehabiliteringsfokus i framtida og. Ein har opparbeida seg erfaring med å arrangere	D		

	rehabiliteringskonferansen som ein er redd denne skal «smuldre opp». Utvalet spør og kor ansvaret for å arrangere konferansen skal ligge.			
05/21	Leiarfunksjon i rehabutvalet Leiinga på sjukehuset ynskjer ei rullering av leiarverv i rehabiliteringsutvalet. Underutvalet besluttar å ha val av ny leiar i desember.	V		
12/21	Kartlegging av tilbodet i lokalsjukehusområdet til pasientar med språkutfordringar etter hjerneslag Gjennomgang frå kvar kommune/sjukehuset. Vaksdal: Ikkje fast tilsett logoped i kommunen. Bruker «freelance» logoped til pasientar. Fastlege henviser og logoped får refusjon gjennom HELFO. Fungerer bra. Ulvik: Leiger logoped frå Voss i 20% stilling. Fastlege henviser. Voss: Har logopedar i kommunen. Server ved behov. Kvam: Logopedar knytt til PPT. Server pleie og omsorg ved behov. Voss sjukehus: 20% stilling som dei leiger frå Voss herad. Er på sjukehuset 1 ½ time pr dag. Fungerer bra med tilbod kvar dag. Eidfjord: Har logoped i 50% stilling.	D		
13/21	Orientering frå partane om pågåande, eller planlagde prosessar, samarbeidstiltak, eller anna FFO: Stille siste halve året. Ingen møteaktivitet. Vaksdal: Meir normal arbeidskvardag mtp corona. Ulvik: Skal starte opp aktivitetstilbod til dei over 75 år- ein gong i veka. Sosialt møtepunkt med trening og sosialt samvær- finansiert gjennom prosjektmidlar. 1 fysioterapeut er og knytt til prosjekt i skule saman med helsesjukepleiar. Meir normalisering av drift etter coronautbrotet. Kommunen har tilsett prosjektkoordinator (i samarbeid med Eidfjord). Voss: Hagahaugen har utvida fra 8 til 10 plassar. Ynskjer å utvide meir og gje tilbod til andre kommunar ved behov. Flest pasientar frå sjukehus. 97% vert utskrivne til eigen heim. Gjennomsnittleg liggetid 3 veker. 1 til 2 vekers ventetid. Fysioterapeut i prosjekt som går på friskliv og meistring i kommunen. Vil og vera tilbod til andre kommunar.	O		

	<p>Kvam: Framleis moderat pågang frå sjukehus. Har kapasitet til rehabiliteringsopphald for heimebuande som har behov. Har som mål å tilby meir tverrfaglege tenester i heimen- og bruke korttidsplassane til dei pasientane som klart har behov for dette. Omorganisering i pleie og omsorg i 2020 har ført til at heimetenesta er vorte meir robust og kan gje tilbod til fleire i heimen som alternativ til korttidsopphald.</p> <p>Voss sjukehus: Slått saman rehabilitering og tverrfaglege tenester og fysioterapiavdelinga. Har ikkje lenger eigen rehabiliteringsavdeling. Kjersti Skattum er leiar på den nye avdelinga. Ein jobbar og med interne omorgansiering i sjukehuset.</p> <p>Har eit prosjekt som går på å ta i bruk meir standardiserte skjema for rehabilitering av hjerneslagpasientar.</p>			
14/21	<p>Eventuelt Ein ynskjer å jobbe vidare med digitalt samarbeid når det gjeld overføring av pasientar frå sjukehus til kommunane. Mål om opplevd betre overgangar både for pasientar, pårørande, sjukehus og kommunane. Tek dette opp som eige tema på neste møte i underutvalet.</p>	O		